



**AMERIKA-HISTORIER:** Anne Elisebeth Skogen fortel om utvandrarar til Amerika på Sundagsakademiet.

## Fortel om Amerika-utvandringa

«Med Restauration til Amerika» er tittelen på føredraget til Anne Elisebeth Skogen på Sundagsakademiet komande søndag.

Søndag 6. oktober er det klart for eit nytt Sundagsakademi. Denne gongen vil publikum møta forteljaren Anne Elisebeth Skogen frå Sand i Ryfylke, som kjem med eit program basert på framsyninga «Med Restauration til Amerika», som ho turnerte med fleire stader i USA i fjor. Det er forteljinga om dei fyrste norske utvandrarane til Amerika.

Anne Elisebeth Skogen er gift med Ernst B. Drange, som mellom anna har skrive gards- og ættesoga for Tysnes, og er såleis godt kjend med både Tysnes og publikum her. Tidlegare i år framførte ho ein legende av Selma Lagerløf i Uggdal kyrkje. Gjennom fleire år har ho drive sitt eige «Forteljarkokeriet», der ho samlar forteljingar eller brokkar av forteljingar ho har høyrte heilt frå barndomen av og til i dag.

Dei siste par åra har Anne Elisebeth Skogen jobba fram ulike forteljarførestillingar om det fyrste norske emigrantfølgjet som segla over Atlanteren til Amerika i 1825. Det har vorte både skuleframsyningar og framsyningar for vaksne. Med framsyninga «With Restauration through Hell Gate to The promised Land» vann ho eit lydhøyrte publikum i det norske USA i fjor, då ho vitja ei lang rekkje stader i fleire ulike statar.

Komande søndag har turen altså kome til Tysnes.